




# BRANNSIKKER BUSTAD




# KRAV OM RØYKVARSLARAR



Alle bustadar skal ha minst ein røykvarslar i kvar etasje. Røykvarslarane gir tidleg varsel om brann. Dei må høyrast frå soverom med lukka dør. Batteria må vanlegvis bytast ein gong i året. Test røykvarslarane jamleg ved å bruke testknappen.

# KRAV OM SLØKKJEUTSTYR



Alle bustadar skal ha husbrannslange eller brannsløkkjeapparat.  
Det er anbefalt å ha begge delar. Sløkkjeutstyret skal vere lett tilgjengeleg.  
Alle i bustaden må vite kvar utstyret er plassert.  
Les bruksretteiinga nøye.

# UNNGÅ BRANN 1



Hald oppsyn med komfyren når den er i bruk. Blir du avbroten i matlaginga, skru av varmen på kokeplatene. Monter komfyrvakt. Ver forsiktig med bruk av open flamme. Forlat aldri eit rom der det er tent levande lys. Tende lys må ikkje plasserast nær brennbart materiale. Tøm oske på ein trygt stad. Kast ikkje varm oske i søppelbøtta.

# UNNGÅ BRANN 2



Slå alltid av vaskemaskiner og tørketrommelen når du forlét bustaden eller skal sove. Berre godkjende installatørar har lov til å montere og reparere elektriske anlegg og elektrisk utstyr. Mange påsette brannar startar i bygningsmateriale, pappesker og anna søppel. Sørg for at trapperom og garasjar er rydda for brennbare ting. Plasser søppelbeholdarar i god avstand frå bygningar.

# OPPTREDEN VED BRANN



## 1. REDDE

Sørg for at alle i bustaden kjem seg trygt ut. Å rømme gjennom røyk er farleg. Lukk dører. Gå til ein møteplass de har avtalt på førehand.

## 2. VARSLE


Varsle brannvesenet på naudnummer 110. Oppgi nøyaktig adresse til bygningen som brenn.

## 3. SLØKKJE

Dersom brannen ikkje har blitt for stor, prøv å sløkkje med husbrannslange eller brannsløkkjeapparat. Utsett ikkje deg sjølv for fare. Røyken er svært giftig.


Du må sjølv avgjere i kva rekkjefølgje du skal gjennomføre desse punkta, ut i frå korleis du vurderer situasjonen. Det er nyttig å trene på dette gjennom jamlege brannøvingar.

# FØREBYGGJING AV BRANNSKADAR PÅ BARN



- Unngå varm drikke medan du ammar eller held eit barn.
- Sørg for at barn ikkje har fri tilgang til varme flater som peis, panelovn, steikeovn og liknande.
- Pass på vass temperaturen i badekaret, og at barn ikkje får tappa varmt vatn. Reguler temperaturen på berederen.

# FØREBYGGJING AV BRANNSKADAR PÅ BARN



- Hold barn på god avstand frå kokande kjeler.
- Tekokar – tenk på plassering av både kokar og leidning.
- Pass på bord med duk, kaffikoppar, stearinlys osv. Barn kan dra det ned på seg.



# OM BARNET BLIR BRENT



- Kjøl med ca. 20 gradar vatn i 20 minutt ved mistanke om alvorleg brannskade. Dette gjeld uansett alder.



Denne brosjyren er tilgjengeleg på over 30 ulike språk via Norsk brannvernforening sine nettsider :  
[www.brannvernforeningen.no/brannsikker](http://www.brannvernforeningen.no/brannsikker)